

Kaldklok eller varmhjarta?

Peter Hognestad og kampen for norsk folkespråk.

Slik lyder førebels arbeidstitel for min planlagde populærvitenskaplege biografi om Peter Hognestad (1866–1931). Etter Elias Blix er Hognestad truleg den som skal ha mest ære for at nynorsken fekk innpass i Den norske kyrkja. Han var ein sentral leiar i den frilynde ungdomsrørsla, og han var den fyrste biskopen som konsekvent nytta nynorsk. Planen er ei bok på om lag 400 sider til 150-års-jubiléet neste haust.

Bakgrunn/føremål

Peter Hognestads liv og verke handlar mykje om kulturmøte og kulturkonfliktar. Ved starten av 1900-talet var han den fyrste presten som fekk eit eige embete for å tene landsmåls-ungdomen i hovudstaden. Han engasjerte seg i både kristeleg og frilynt ungdomsarbeid. I konservative kyrkjekrinsar vart bondesonen frå Jæren oppfatta som radikal med målstrevet sitt. Likevel vart han lærar ved Menighetsfakultetet, og i augo åt moderne liberalteologar var han ein tradisjonstru kyrkjeleiar. Kanskje såg han eit kall i å formidle mellom grupper som lett kom i strid med kvarandre.

Hognestad var ein av dei fremste eksponentane for koplinga «norskdøm og kristendom». Gjennom livet var han nært knytt både til den etablerte kyrkja og dei meir folkelege rørsleane. Mange opplevde verre spenningar i desse felta enn det Hognestad synest å ha gjort. I så måte kan det vere spanande å fylgje utviklinga av venskapen mellom Peter Hognestad og sambygdingen Arne Garborg.

Ein stor del av Hognestads livsverk handlar om forming og fremjing av nynorsk kyrkjepspråk. Rundt hundreårsskiftet omsette han gudstenesteliturgien til landsmål, og i bispetida var han sentral i arbeidet både med ny altarbok, den fyrste heile Bibelen på landsmål og *Nynorsk Salmebok*. Hognestad sette også om viktige skulebøker som Luthers vesle katekisme og Vogts bibelsoge. Samstundes var han svært produktiv med teologiske og folkelege skrifter, artiklar i aviser og tidsskrift, og foredrag om ymse emne i lyd og lag.

«Ein biografi av større umfang fær det verta ettertidi si sak å gjeva», heiter det i ein av minneartiklane om Peter Hognestad (Jon Mannsåker i *Norsk Aarbok* 1931). Sentrale forskarar på feltet har nyleg mint om at oppgåva enno ikkje er løyst.

Oddmund Løkensgard Hoel skriv i doktoravhandlinga *Målreising og modernisering i Noreg 1885–1940* at «Hognestad ventar framleis på sin biografi» (Hoel, NTNU 2009, note 175 s. 201). Blix-biografen Anders Aschim presenterte våren 2009 ei «ønskjeliste» over uløyste forskingsoppgåver i grenselandet mellom teologi, filologi og historie. Ei av dei er nettopp

Peter Hognestads biografi (Blix-blog 11.5.2009;
http://blixblog.blogspot.no/2009_05_01_archive.html).

Det Norske Samlaget har på 2000-talet gjeve ut viktige bøker om fleire av pionerane for nynorsk kyrkjespråk (J.K. Engeset om Anders Hovden 2002, A. Aschim om Elias Blix 2008 og O.S. Runde om Bernt Støylen 2008). I dette selskapet høyrer Peter Hognestad heime, og boka om han vil utfylle biletet som er teikna til no. Biografien vil mellom anna problematisere spenninga som tradisjonelt er framstilt mellom grundtvigianisme og folkeleg frilynne på eine sida – og konservativ norsk kristendom på den andre.

Spenning og/eller samverke mellom språk, truer og kulturar er temmeleg tidlause tema. Historia om Peter Hognestad og innsatsen hans for folkemålet er interessant i seg sjølv, men kan også vere med og kaste lys over nye konflikhtar og debattar om korleis ulike språk, religiøse retningar og kulturelle uttrykk skal få status og finne plass i «det norske».

Innhald

Her vert det skissert ein førebels disposisjon – med omtrentleg sidetal i parentes:

- 1) Jærbu – om barndom, ungdom og høvet til Garborg (35)
- 2) Bruun-disippel – om inspirasjonen frå og forholdet til Chr. Bruun (30)
- 3) Bibelgranskar – om studiet og dei akademiske ambisjonane (30)
- 4) Ungdomsarbeidar – inkl forholdet mellom det kristelege og det frilynde (40)
- 5) Lærarutdannar – Hognestads faglege og pedagogiske utvikling hjå Støylen på Notodden (35)
- 6) Målprest – både i Kristiania og rundt i landet. Inkl omsetjing av sentrale religiøse tekster (50)
- 7) Prestelærer – om tida ved Menighetsfakultetet (40)
- 8) Biskop – den fyrste konsekvente målbispen. Inkl Bibelen 1921 og Nynorsk Salmebok 1925 (50)
- 9) Kaldklok? Oppsummerande om mannen og livsverket (40)

Omfanget som her er ymta om summerer seg opp til 350 manus-sider. Med tillegg av illustrasjonar (primært historiske foto), register, litteratur- og innhaldsliste ser eg føre meg ei bok på om lag 400 sider.

I utgangspunktet er det tenkt ei tekst med same seriøse dokumentasjon som i Blix-biografien av Anders Aschim, men som nemnt av eit noko mindre omfang. Vitskapleg kjeldarbeid står ikkje i motsetnad til populær formidling. Slik skriving meiner eg meg å ha dokumentert kompetanse på (jf. om forfattaren nedanfor).

Prosjektgjennomføring/tidsplan

For fagleg oppdatering etter ein fireårsperiode som rektor gjev Høgskulen i Volda meg fri frå andre oppgåver studieåret 2015/2016. Planen er å halde fram med kjeldesamling og å lage skisser til eit par kapittel mellom andre arbeidsoppgåver våren 2015. Så ser eg føre meg intensiv skriving på heiltid frå august 2015 til mai 2016. Sommarmånadene kan då brukast til konsulentinnspel, redaksjon og oppretting/finpuss – med tanke på bokproduksjon tidleg på hausten. Lanseringa bør knytast til 150-års-jubiléet for Peter Hognestad. Han var fødd 12. november 1866.

Budsjett

Reiser	15.000,-
Prentestøtte	135.000,-
<i>Sum</i>	<i>150.000,-</i>

For å få dekt utgiftene vert det søkt om støtte frå fleire instansar.

Forfattaren Per Halse

Fødd i Ørsta 1957. Cand. theol. Menighetsfakultetet 1984. PhD Universitetet i Oslo 2009 på avhandlinga *Gudsord og folkemål. Framveksten av nynorsk kyrkjespråk 1859–1908*. Arbeidde som kateket, lærar og prest 1985–1991. Deretter høgskulelektor, frå 1999 førstelektor og frå 2009 førsteamanuensis ved Høgskulen i Volda. Rektor same stad 2011–2015.

To lærebøker for høgare utdanning:

Gudsord og menneskeord. Innføring i bibelkunnskap, Fagbokforlaget 1999.

Illustrert norsk kristendomshistorie (saman med Hallgeir Elstad), Fagbokforlaget 2002.

Revidert og forkorta utgåve av doktoravhandlinga:

Gudsord og folkespråk. Då nynorsk vart kyrkjemål, Tapir akademisk 2011.

Gjennom åra mange artiklar i blad og tidsskrift. Her berre nokre av dei nyaste:

Frå statspietisme til livssynsmessig mangfald. Eit danningperspektiv på religionsfaget i norsk skule, *Norsk Pedagogisk Tidsskrift* nr. 5/2010.

Kristendom på norsk. Peter Hognestad (1866–1931), P. Halse m.fl. (red.) *Guds folk og folkets Gud. Artiklar om kyrkjeliv og gudstru i historie og samtid. Festskrift til Birger Løvlie*, Tapir akademisk 2011.

Staten sikra nynorsk i kyrkja, *Kirke og Kultur* nr. 1/2012.

«Grundloven henger i Bondens Stue». Språkstrid på rim vinteren 1867/1868, *Syn og Segn* nr. 1/2013.

Sledekøyring og kollsigling. Kjærleik og død, språk og religion, *Syn og Segn* nr. 3/2013.

«I denne Verdens Møisomhed / En Vandringsmand jeg er». Ivar Aasen og det religiøse språket, *DKNVS Skrifter* 2015.

Forlag

Det Norske Samlaget vil gje ut boka, og forlagssjef Håkon Kolmannskog kan kontaktast på tlf 474 13 781 eller e-post h.kolmannskog@samlaget.no

Høgskulen i Volda, 20. februar 2015,

Per Halse.